

I dag skal vi bli betre kjende med ein elev som er glad i å lese og som har hatt hospitering på biblioteket via valfaget *Innsats for andre*. Andreas har skrive fleire gode bokmeldingar og har interesse for ulike typar litteratur. Gjennom intervjuet skal vi høyre meir om det å skrive bokmeldingar, kva som gjer bøker spennande, og kvifor lesing kan bety mykje for mange menneske.

Av Bente Helen Ullaland
Publisert 19.06.26

Kva likar du best med å vere på bibliotek?

Det eg likar best er at det er så pass mange bøker og variasjon. I tillegg slepp eg å køyre langt når eg skal nytte meg av tilbodet på bibliotek, og så vil eg nemne at vi har eit godt biblioteket her i Naustdal. Det er og veldig bra for oss elevar då vi har tilgang til gode og nye bøker.

Kva type bøker verkar mest populære blant ungdom?

Litt usikker, men eg trur gutar les mest fotballbøker og teikneseriar, gjerne Donald Duck sine teikneseriar, samt *En pingles dagbok*. Jentene les ofte meir dramabøker typ kjærleik, om hestar etc. Eg trur jentene er flinke til å lese bøker som er i seriar, og gjerne lengre bøker.

Om lesing og litteratur

Kva er det som gjer at ei bok blir verkeleg god for deg?

Det er visst den har veldig mykje spenning og at ein ikkje skjønar kva som kjem til å skje - at det som skjer ikkje er forventet! Eg vil trekkje fram boka *Ein nasjon i sjakk* som eit godt døme på ei bok der det alltid skjer noko uforventet. Denne boka blir og filmatisert no, og denne skal eg få med meg når den er ferdig.

Kva type bøker trekkjer du oftast mot – og kvifor?

Det er spenning, krim og fantasy. Dette fordi eg liker bøker med spenning!

Har du lese ei bok som har endra måten du tenkjer på?

Kanskje *På min vakt* av Jens Stoltenberg. Denne boka skildrar korleis det er å vere toppleiar i NATO og dei vanskelege samtalanane ein må ha som denne typen verdslleiar.



Kva meiner du er forskjellen på ei bok som er «spennande» og ei bok som verkeleg betyr noko?

Spennande bok og ei som betyr noko, kan ofte vere noko så enkelt som skilnaden på ei skjønnlitterær- og sakbok. Bøker som tek opp viktige ting i verda betyr noko både om korleis ein ser verda, lærer den å kjenne og korleis ein ser den.

Kva synest du er viktigast i ei bok: handling, karakterar, språk eller tema?

For meg er det sjølv handlinga og om boka har eit viktig budskap og tema. Som til dømes det å sjå noko frå ei anna side for å forstå motivet.

Kvifor trur du somme ungdommar les mykje, medan andre ikkje likar å lese?

Eg trur jenter les meir enn gutar fordi gutar er ofte meir aktive på andre måtar; gamar, er meir ute, medan jentene liker meir å kose seg med ei god bok.

Om bokmeldingar

Kva prøver du å få fram når du skriv bokmelding?

Det eg prøver å få fram er kva eg liker med bøkene og dersom det er noko eg verkeleg vil trekkje fram, t.d. høgdepunktet. Bøker med svært gode illustrasjonar gjer bøkene nesten levande, og dette set eg pris på når eg skal skrive bokmelding. Det er lettare å anbefale bøker der ein nesten kan «lese» seg til det som skjer ved å sjå på illustrasjonane fordi dei er så gode.

Korleis finn du balansen mellom å fortelje om boka og å ikkje røpe for mykje?

Eg gjer det ved å gje små hint. Les t.d. bokmeldinga mi om *Kråkeslottets hemmelegheit*. Her prøver eg berre å seie det som er det viktigaste i boka, prøver å unngå for mange detaljar.

Kva likar du best med å skrive bokmeldingar?

Det eg likar best med å skrive bokmeldingar, er at eg får lov til å hjelpe andre ved å bruke visdomen og kunnskapen min. Eg har lese *mange* bøker, så har god erfaring og kjennskap innan den litterære verda. Det å hjelpe andre til å finne gode bøker er kjekt, så det er berre å stikke innom biblioteket tysdagar frå kl. 13.10-14.30. Eg vil då kunne hjelpe til med å finne gode bøker.



Kvifor trur du ei god forteljing er viktige for menneske?

Fordi kanskje mange ikkje har det så bra, så ein kan leve eit anna liv gjennom karakterane i boka. Gjerne eit anna liv ein sjølv ikkje har. Ein kan få draume seg litt vekk.

Kan bøker hjelpe oss å forstå andre menneske betre?

Ja, så absolutt! Dersom boka inneheld verkelege hendingar i folk sine liv som t.d. boka *Tix – den stygge andungen* av Andreas Haukeland, tenkjer eg bøker verkeleg kan hjelpe oss til å forstå andre menneske. Nett denne boka fortel om det å ha tics og korleis leve med det. Andre bøker eg vil nemne her er *Lars er LOL* som handlar om ein gut som har Down syndrom og denne boka hjelper oss til å forstå menneske som har dette syndromet betre. Ei anna bok eg vil nemne er *Jakob i fritt fall* som handlar om ein gut som har ADHD. Vi blir her kjent med korleis det er å leve med ADHD og alt som følgjer med det.

Dersom du kunne jobba med kva som helst innan bøker eller litteratur, kva ville du valt?

Då hadde eg valt å skrive bokmeldingar eller å vere forfattar. Eg har skrive mange bokmeldingar og dette har gitt meg meirsmak. Kanskje utvidar eg dette med å skrive omtalar om spel og filmar. Blir eg forfattar, kan eg skrive om ting som andre menneske kan ha glede av.

Finnast det ei bok du meiner «alle» burde lese?

Bøker eg meiner alle bør lese, er om folk som har ulike diagnosar og utfordringar fordi det kan hjelpe oss til å forstå og bli betre medmenneske, samt hjelpe dei som har desse diagnosane eller nedsett funksjonsevne.

Kva les du akkurat no?

No held eg på å lese dei to siste bøkene i *Harry Potter*-serien som eg faktisk har kjøpt på Norli. Eg liker å låne bøker, men tykkjer det er fint å ha alle bøkene i ein serie dersom eg likar serien. anbefaler gjerne fleire til å gjere dette òg!

Gjennom denne samtalen med Andreas fekk vi eit innblikk i korleis bøker ikkje berre kan vere underhaldning, men også eit viktig verktøy for å forstå verda og menneska rundt oss. Engasjementet hans for lesing, bokmeldingar og biblioteket viser kor stor verdi litteratur kan ha i kvardagen – både for den som les, og for den som deler leseopplevingane sine med andre. Kanskje kan intervjuet inspirere fleire til å opne ei bok, oppdage nye historier og finne si eiga leseglede. For som Andreas sjølv viser, kan ei god bok vere starten på noko mykje større.